

A

STYRET

Leiar: Agnar Kvellesdal 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96
agnar.kvellesdal@kvalfella.net.no

Kassørar: Hånar Nunnedal 92 06 72 63
hannar.nunnedal@kvalfella.outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48 (p)
a.r.e.dale@alfakrøll.admin.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Heggenes 92 49 64 38
agnar.heggenes@kvalfella.net.no


Kontakl Nordfjordhytta: 21 92 02 05 (p) – 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andor.gjelsvik@fiesur.no

Kontakl Nordfjordhytta: 46 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12@kvalfella.online.no

SOGN OG FJORDANDELINGEN

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368
sofingjerd@gmail.com

Sendar: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
Nordahl Brunsgate 22
#165 Oslo



TRE FJORDAR

LÅSSILAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR 2 2021

36. ÅRGANG



FOTO: Dagfinn Aa

2.-3. okt. er det **oste-**
selskap på Nordfjordhytta

Minneord om
Rachel Bjørn-
stad på s. 2-3



FOTO: Andor Gjelsvik

Reportasje frå
60-årsjubileet
på **Sunnfjord-**
hytta i neste
nummer

Osteparty på Nordfjordhytta 2.-3. oktober



FOTO: Dagfinn Aa

Mette og gode gjester til bords i eit gildt ostelag...

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat.

Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid kl. 19.00 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang, felles frukost søndag. Vel møtt på hytta!

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

Minneord om Rachel Bjørnstad Bohlin (1948-2021)

I meir enn to tiår var Sogn og Fjordaneringen ein vesentleg del av Rachel sitt liv. Med stor tyngde kan vi også slå fast at Rachel i denne tida var ein vesentleg del i livskrafta til ringen.

Mitt første møte med Rachel var hausten 1973. Rachel var instruktør på nybegynnar-kurs i ringen, eg var elev. Sjølv om ho også tok på seg instruktøroppgaver i ringen, var det først og fremst som organisator Rachel utmerka seg. Her var ho sers dyktig og effek-

tiv. I fleire år hadde eg gleda av å samarbeide med Rachel i styret. Det var ei fin tid.

Styremøta var eit kapittel for seg. Møta var hyppige (trur det var kvar 14. dag), og alltid hos Rachel i Betzy Kjelsbergs vei. Det vart gjerne langt på natt før vi avslutta. Det viser kor sterkt det sosiale felleskapet stod. Betzy Kjelsbergs vei var ofte også sosial samlingsstad etter danseframsyningar eller andre arrangement. Rachel hadde alltid ope hus.

Effektiviteten til Rachel kan kort oppsummerast slik: På styremøta vart oppgaver

fordelte. Neste morgon ringte Rachel meg. Då var hennar oppgaver utførte. Som dyktig organisator var det omtrent sjølv sagt at Rachel skulle ta på seg leirolla i ringen. Denne rolla hadde ho i fire år. Fire år med stor oppslutnad og masse aktivitet i ringen.

Rachel var pådrivar for å skaffe framsyningar, som det var mange av (over 100 kvar år på det meste) på 70-80-talet. Deretter tok Rachel på seg det store logistikkarbeidet det var å skaffe dansarar til alle framsyningane. Det meste av denne aktiviteten gjekk føre seg i ferietida om sommaren. Det gjorde sjølv sagt logistikken ekstra utfordrande. Framsyningar var viktige for å skaffe inntekter til drift av ringen, kanskje like viktig var det sosiale fellesskapet som følgde med.

Rachel var også pådrivar og organisator for mange danseoppdrag i utlandet, der dansefestivalen i Babylon, Irak var blant dei mest spesielle.

For at turane skulle bli rimelege for dansarane, fekk Rachel gjort dagnadsavtale med trykkeriet der ho arbeidde. Dugnadane bestod i å legge reklameinnlegg inn i vekeblad. Dette var viktige bidrag i ringen si reisekasse.

Rachel hadde svært god kontakt med vennekapsringen Norbergs Folkdansgille i Sverige. Ho var i mange år sentral i dette samarbeidet. Vi er mange som ser tilbake på dei minnerike turane til Norberg med stor glede.

Som miljøskapar var Rachel eit funn. Øvingskveldane i ringen var naturlegvis viktige møteplassar, men Rachel var opptatt av sosiale møteplassar også utanom øvingskveldane. Rachel tok initiativet til mange av hytte-turane til lagshyttene.

Også etter at Rachel slutta som aktiv folke-dansar, hadde ho kontakt med ringen med sporadiske besøk, som på jule- og sommar-



FOTO: Sogn og Fjordaneringen

avslutning. I alle desse åra støtta ho arbeidet i ringen med medlemskap.

Siste gongen eg møtte Rachel, var hausten 2019 på Riksscena. Ho var då svekka av kreftsjukdomen. Etter konserten ville Rachel ta trikken til bussterminalen for så å ta bussen heim til Lørenskog. Eg foreslo at vi kunne spasere til bussen og tilbød armen min som støtte. Slik spaserte vi arm i arm gjennom Oslos gater ein tidleg nattetime. Ved bussen gav vi kvarandre ein god klem. Det skulle bli den siste.

Rachel vart gravlagt frå Lørenskog kirke 3. september. Ho vart 73 år. Fleire av medlem-ane i Sogn og Fjordaneringen følgde Rachel til siste kvilestaden.

Minna etter Rachel er mange, fine og glade.

Dagfinn Aa